

Referat frå årsmøte i Aardalens Venner

Stad: Hagestova, Selje Hotel
Dato: 28. mars 2010
Tid: kl. 18.00 – 19.15

Frammøtte: Doris og Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Unni og Terje Hovden (5).

Jan Hammersvik ynskte velkomen til årsmøtet.

Saker handsama på årsmøtet:

1. Godkjenning av innkallinga til årsmøtet

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

2. Val av ordstyrar og skrivar

Terje melde seg som skrivar, og Jan tok på seg å vere ordstyrar. Samrøystes godkjent.

3. Godkjenning av årsmelding frå styret

Terje las årsmeldinga. Det kom fram at det var unemnt at vi hadde ein dugnad der vi rydda bort einstape og råtgras på nokre teigar aust for elva. Dette bør takast inn i årsmeldinga for 2009. Elles ingen merknader, samrøystes godkjent.

Det kom framlegg om at årsmeldinga vert lagt ut slik at spesielt bygdefolk får kjennskap til arbeidet som blir gjort i Årdalen. Dette blir forsøkt gjort.

4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2009

Terje gjekk gjennom resultatrekneskapen (sjå heimesida), der inntektene i 2009 var kr 5.150,87 større enn utgiftene. Totale inntekter kr 8.434,-, totale utgifter kr 3.283,13. Lite aktivitet i 2009 med andre ord.

Behaldning pr. 31.12.2009 kr 21.946,48.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

5. Arbeidsprogram / budsjett

Det er pga. den økonomiske situasjonen i laget ikkje sett opp budsjett for 2010. I staden er det laga eit arbeidsprogram for 2010. På grunnlag av dette arbeidsprogrammet vil Aardalens Venner i løpet av våren inngå avtale med Fylkesmannen om økonomisk godtgjersle for utført dugnadsarbeid, dekning av utgifter til gjerdehald på slåtteteigar og konsulenthjelp (fagleg vurdering / prioritering av arbeid på våningshus og kårhus).

Sjå arbeidsprogram seinare i referatet (side 3).

6. Kontingent

Jan gjorde framlegg om at medlemskontingenten var uendra:

Kr 100,- for enkeltmedlemmar, kr 200,- for familiar og kr 500 for firma. Samrøystes.

7. Val av styremedlemmar

Unni la fram framlegg frå valnemnda. Alle som var på val tok attval, og styret blir då slik for 2010:

Jan Hammersvik	-	attval	(2 år)
Kaare Aardal	-	ikkje på val	(1 år)
Terje Hovden	-	ikkje på val	(1 år)
Per Arne Berge	-	ikkje på val	(1 år)
Atle Nøstdal	-	attval	(2 år)

Varamedlemmer:

Dag Hamre	-	ikkje på val	(1 år)
Anne Grete Kleppe	-	attval	(2 år)
Magnar Drageseth	-	attval	(2 år)

Revisorar:

Inge Bakke	-	attval	(1 år)
Håkon Berstad	-	attval	(1 år)

Valnemnd:

Doris Hammersvik	-	ikkje på val	(1 år)
Unni Eltvik Hovden	-	attval	(2 år)
Sylvi Olsson	-	attval	(2 år)

8. Eventuelt

Ikkje noko innkomme.

I årsmøtet vart det elles presentert ein foldar som er tenkt utlagt for å gjere Årdalen betre kjent.

Møtet slutt kl. 19.15.

Terje Hovden
referent

Tiltaksliste for arbeid Årdalen (Rydjejorda) 2010

	Tiltak	Arbeid / kostnad	Dagsverk
A	Brenning og rydding til våren <ul style="list-style-type: none"> ▫ punktbrenning av dødgras ▫ områdebrenning av einstape ▫ områdebrenning av røsslyng 	Februar – mars 2 dagsverk for 5 mann	10
B	Opprydning av elveløp	Til våren 2 dagsverk for 5 mann	10
C	Opprydning ved våningsshus (fullføre)	5 dagar for 3 mann	15
D	Rydding i geitefjøs	3 dagar for 4 mann	12
E	Gjere ferdig bakkemur og tun ved våningshuset	4 dagar for 2 mann	8
F	Slått på inngjerda områder	4 dagar for 4 mann	16
G	Faglig utgreiing og prioritering av arbeid på våningsshus og kårhus (fylkeskommunen). Fylkesmannen bør vere med på synfaring i Årdalen og på Rydjejorda	Kr 25.000,-	
H	Fornye tak på småfefjøs på Rydjejorda	4 dagar for 4 mann	16
I	Innkjøp av elektrisk gjerde for å byrje slått på mindre areal (mellom geitefjøs og våningsshus, og der røsslyng og einstape er brent)	Solcelle + gjerde kr 10. – 15.000,-	
J	Gjere avtale om beiting. Sette opp gjerde (sjå pkt. over)	1 dag 3 personar	3
K	Kulturdag - august		
	Friluftsgudsteneste i Årdalen, siste halvdel av august	Arr. også 2008 og 2009	
	Totalt	Kr 40.000,-	90